

# Referat Styremøte i Straumesvingen Vel

Tid: Mandag 22 Mars

Stad: Øvre Leikeplass

Tilstade: Madelen Eide, Jochim Kruger, Algot Kristoffer Peterson, Norodd Løvås, Helge Berntsen, Ane Birgitte Nødtvedt

## 1. Møteplan

Neste styremøte vart avtalt til laurdag 10 Mars Kl 09 ved Nedre Leikeplass

Fellesdugnad planlagt til slutten av april, lørdag 24 april vart føreslagen. Forslag om at det i dugand også blir tatt eit tak for å rense grøftekantane der mulig.

Det vart avtalt mini-dugnad med bebuare i nedre rekker laurdag 27 Mars for å kutte ned buskvekst ovanfor nedre leikeplass og åpent område like ved (nedanfor garasjene til Straumesvingen 10)

## 2. Kontigenter

Det er betalt inn 64 av totalt 87 kontigenter

Kasserar sender purring til dei som ikkje har betalt

Påse å gje Straumesvingen bok til nye som flyttar til

## 3. Oppussing av leikeplassar

Ta til når det vårast, fortsette det gode arbeidet på øvre leikeplass

Diskutere vidare plan for nedre leikeplass i daglys på neste styremøte, lage ein plan for oppgradering av nedre leikeplass

## 4. Skadedyr status

Det vart bytta til ny leverandør Pelias 1.Mars og nye åtestasjonar er satt ut.

## 5. Vann og avløp

Vidare utskiftingplan må jobbast med. Nøyaktige krav for Bergen Kommune må sjekkast i detalj før ein ber om tilbod på arbeidet.

Det har vært lang kuldeperiode i vinter med unormalt låge temperaturer og fleire som har fått problemer med frosne rør. Hus nr. 46, som ligg i slutten av ein nyleg oppgradert fellesledning, var ein av stadane det fraus og det kom eit krav om at Velforeningen burde betale for tining sidan isplugg var antatt å ligge i fellesledning og ikkje i privat stikkledning. Etter gjennomgang og

diskusjon i styret tolka me kommentaren frå Bergen Rørinspeksjon «tinte frå garasje og utover» at de også var is i stikkledningen. Vellet kan ikkje dekke tining av is i privat stikkledning, kun tining eller forsøk på tining av fellesledning. Styre forslo derfor at Vellet dekker halve beløpet på faktura.

## 6. AOB

Oppdatering av kontoadministrasjon for Straumesvingen Vel

Dugnadsdato blir lagt ut på heimesida og facebook når det nærmar seg